Statistics Norway

Statistisk sentralbyrå

*Ragnhild Nygaard Johnsen*

Notater

# Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar, august 2000

Avdeling for økonomisk statistikk/Seksjon for økonomiske indikatorer
Emnegruppe: 04.02.10

# Innhald

**1. Generelt om undersøkinga** ........ **2**

**2. Om tabellane** ........ **3**

**3. Spesielle merknader** ........ **3**

**4. Kommentarar til takstane for kommunale barnehagar** ........ **4**

4.1 Månadssatsane på landsbasis ........ 4
4.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner ........ 4
4.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner ........ 5
4.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner ........ 5
4.5 Årsbetaling på landsbasis ........ 5
4.6 Årsbetaling på regionsnivå ........ 5
4.7 Betalingssystem ........ 6
4.8 Rabatt/friplass ........ 6
4.9 Syskenmoderasjon ........ 7
4.10 Kor mange gonger i året det blir betalt ........ 7
4.11 Mat-/kostpengar ........ 7
4.12 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år ........ 7

**5. Kommentarar til takstane for private barnehagar utan kommunalt tilskot** ........ **8**

**6. Vedlegg**
Tabeller ........ 10
De sist utgitte publikasjonene i serien Notater ........ 36

# 1. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er arbeidd fram av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalinga for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Denne datainnsamlinga vart gjennomført i august 2000 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i oktober 2000.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald i kommunale barnehagar og private barnehagar utan kommunalt tilskot.

Heildagsopphald er det som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gi følgjande opplysningar for kommunale barnehagar per august 2000:

- betalingssats for heildagsplass for hushald på tre ulike inntektsnivå, brutto årsinntekt i hushaldet (hos dei føresette) på respektive 100 000, 250 000 og 375 000 kroner,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som blei trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer vel ein fjerdedel av kommunane i landet og omfattar to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet.

SSB har valt å dele kommunane i landet inn etter bestemte kriterie. Første kriterium er fylke, og det blir trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). Det er lagt vekt på å sikra ein representasjon av både by- og landkommunar.

Utvalet av private heildagsbarnehagar utan kommunalt tilskot består av 45 barnehagar som er trekte frå områda Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim og Bodø, alle med omland. Omland er bestemt utifrå busetjingsforhold og kommunikasjonsstruktur. Dei private barnehagane vart bedne om følgjande opplysningar for januar 2000 og august 2000:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuelle innskot.

Dei private heildagsbarnehagane utan kommunalt tilskot er trekte ut på ein måte som sikrar representasjon frå både by- og omlandskommunane.

## 2. Om tabellane

Dei fire første tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 5 omfattar private barnehagar utan kommunalt tilskot. Alle gjennomsnittsutrekningar er gjort med simpelt snitt. Det vil seie at alle observasjonar blir vekta likt.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga, gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, bl.a. inntektsgraderte satsar, opphaldstid og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling for fylke og bruttoinntekt, er ei oversikt for landet delt inn etter fylke. Den inneheld gjennomsnittstal for satsar i det enkelte fylket og på landsbasis for august 1999 og 2000, og prosentvis endring i månadssatsane pr august og årsbetaling frå 1999 til 2000.

Tabell 2b Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for januar og august 2000, og prosentvis endring mellom desse to tidspunkta.

Tabell 3 gir ei oversikt for utvalskommunane innan kvart fylke, med opplysningar om prisar og betalingsvilkår i august 2000, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det utrekna gjennomsnittlege augustsatsar og gjennomsnittleg årsbetaling i fylket. Årsbetalinga for eit barn får ein ved å ta augustsatsen, inklusive eventuelle kostpengar, og multiplisere med talet på betalingar i løpet av året. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at augustvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt, er ei oversikt over regionane. Den viser utrekna gjennomsnittleg årsbetaling for hushald på dei tre inntektsnivåa og for alternativa eit og to barn i barnehage.

Tabell 5 Månads- og årsbetaling etter region og talet på barn, gir nokre hovudtal for private barnehagar som ikkje tek imot kommunalt tilskot, i utvalde byområde. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg betaling for hushald med eit barn i barnehagen for august 1999 og august 2000, samt prosentvis endring i augustbetalinga. Vidare gir tabellen tala for gjennomsnittleg årsbetaling, inkludert eventuelle kostpengar, for hushald med eit eller to barn i privat barnehage.

I gjennomsnittsutrekningane blir også null inkludert som pris.

## 3. Spesielle merknader

Rapporten gir prisar og føresetnader for alle barn i barnehage same kva alder og type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane viser berre punktobservasjonar for tre inntektsnivå.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje til grunn ulike inntektsbegrep for fastsetjing av foreldrebetalinga. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er noko uviss. Uvissa er lågare dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august.

I tabell 5 som viser månads- og årsbetaling for private barnehagar utan kommunalt tilskot, kan tala for Bergen med omland vere noko usikre. Fleire av dei private barnehagane i utvalet har blitt nedlagde i dette området slik at talet på observasjonar er noko redusert. Til undersøkinga for januar 2001 vil utvalet bli komplettert.

# 4. Kommentarar til takstane for kommunale barnehagar

## *4.1 Månadssatsane på landsbasis*

Med brutto årsinntekt på 100 000, 250 000 og 375 000 kroner var månadssatsane for august 2000, for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis i gjennomsnitt respektive **2 037**, **2 659** og **2 910** kroner. I forhold til same inntektsnivå var satsane i same følgd **4,9** prosent, **3,6** prosent og **4,3** prosent høgare i august 2000 enn i august 1999.

## *4.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner*

Høgaste betalingssatsar finn ein i Møre og Romsdal (**2 934** kroner), Nord-Trøndelag (**2 912** kroner) og Troms (**2 750** kroner). Høg betalingssats for låginntektsgrupper har blant anna samanheng med foreldrebetalingssystemet kommunane har valt. Årsaka er at kommunane i desse fylka i liten grad brukar betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Dermed er det liten eller ingen prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige betalingssatsar. Lågaste betalingssatsar har Oslo (**700** kroner), Akershus (**776** kroner), og Rogaland (**969** kroner).

*Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.*
*Brutto årsinntekt på 100 000 kroner. August 2000.*




Desse tala skal tolkast noko varsamt. Med kombinasjonen låg inntekt og høge barnehageutgifter kan hushalda i mange tilfelle kome inn under ulike rabatt-/friplassordningar, eller etter særskild behandling få økonomisk hjelp frå sosialkontoret.

### 4.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

Høgaste betalingssatsar har Oslo (**3 340** kroner), Hordaland (**2 994** kroner) og Østfold (**2 950** kroner).
Lågaste betalingssatsar har Rogaland (**2 203** kroner), Akershus (**2 263** kroner) og Finnmark (**2 432** kroner).

### 4.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Høgaste betalingssatsar har Oslo (**3 510** kroner), Hordaland (**3 164** kroner) og Aust-Agder **(3 147** kroner).
Lågaste betalingssatsar har Finnmark (**2 570** kroner), Sogn og Fjordane (**2 617** kroner) og Rogaland ( **2 738** kroner).

*Figur 2. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.
Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. August 2000.*




### 4.5 Årsbetalinga på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 100 000, 250 000 og 375 000 kroner, var årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **23 201**, **30 017** og **32 746 kroner**. I forhold til same inntektsnivå var årsbetalinga respektive **4,3** prosent, **3,1** prosent og **3,7** prosent høgare i august 2000 enn i august 1999.

For tilsvarande bruttoinntekter var årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **37 828**, **48 441** og **52 627 kroner**. I forhold til tilsvarande inntektsnivå var årsbetalinga respektive **4,3** prosent, **3,2** prosent og **3,8** prosent høgare i august 2000 enn i august 1999.

### 4.6 Årsbetaling på regionsnivå

Som figuren nedafor illustrerer, er det stor variasjon i årsbetalinga for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner på grunn av at inntektsavhengige satsar blir brukte i ulik grad. For denne inntektsgruppa har Agder/Rogaland lågaste årsbetaling, **14 702** kroner for eit barn og **23 568** kroner for to barn i barnehage.

Høgaste årsbetaling for hushald med årsinntekt på 100 000 kroner har Trøndelag, kor årsbetalinga er respektive **31 660** kroner for eit barn og **52 396** kroner for to barn.

For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner varierer årsbetalinga frå **26 300** kroner (Agder/Rogaland) til **32 668** kroner (Trøndelag) for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga frå **41 862** kroner (Agder/Rogaland) til **53 908** kroner (Trøndelag).

***Figur 3.*** *Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt. August 2000.*




For hushald med årsinntekt på 375 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **30 827** kroner (Nord-Noreg) og **33 662** kroner (Austlandet) for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **49 220** kroner (Nord-Noreg) og **54 458** kroner (Trøndelag).

### 4.7 Betalingssystem

64 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil si at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane hadde inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Ettersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling.

### 4.8 Rabatt/friplass

74 av kommunene i utvalet tilbyr friplassar, økonomisk hjelp eller rabatt. Dette tilsvarer 68 prosent av utvalet. Om lag 12 prosent av desse kommunane tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. I underkant av 10 prosent av kommunane tildeler friplass etter separat behandling ved det organ som har opptaksfullmakt. Om lag 80 prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom f.eks. sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor. (Summen av prosentpoenga går over 100 fordi nokre kommunar tilbyr friplassar etter fleire av behandlingsmåtane.) Dei resterande 35 kommunane har ingen rabattordningar.

### 4.9 Syskenmoderasjon

Alle kommunane gir syskenmoderasjon. Det er 52 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer 2. I august 1999 var det 54 kommunar med tilsvarande tilbod. Det er ingen kommunar som tilbyr over 50 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

### 4.10 Kor mange gonger i året det blir betalt

I utvalet var det 102 kommunar som hadde foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. 5 kommunar hadde færre enn 11 betalingar, og 2 kommunar hadde 12 betalingar.

### 4.11 Mat-/kostpengar

54 av 109 kommunar krev inn mat-/kostpengar separat. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifiserte nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.

### 4.12 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

28 kommunar i utvalet har høgare betalingssats for barn under 3 år, medan i januar 1997 var det tilsvarande talet 19 kommunar. Det viser at det blir fleire som krev høgare satsar for dei yngste barna.

## 5. Kommentarar til takstane for private barnehagar utan kommunalt tilskot

Private barnehagar som ikkje får kommunalt tilskot, fastset sjølve foreldrebetalinga. Det mest vanlege er ein fast pris pr. plass, dvs. det blir ikkje teke omsyn til inntekta til foreldra/føresette.

***Figur 4.*** *Gjennomsnittleg årsbetaling etter område og betalingsår. Private barnehagar. August 2000.*




For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga for august 2000 mellom **33 714** kroner (Bodø m/omland) og **41 544** kroner (Stavanger m/omland). For hushald med to barn i barnehage ligg betalinga mellom **58 393** kroner (Bodø m/omland) og **76 420** kroner (Stavanger m/omland).

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 375 000 kroner, busette i Oslo, Trondheim eller Bodø er årsbetalinga for august 2000 i kommunal barnehage tilnærma lik den gjennomsnittlege årsbetalinga i privat barnehage utan kommunalt tilskot i same område. I Stavanger og Bergen er årsbetalinga respektive 25 prosent og 19 prosent lågare i kommunale barnehagar enn i private barnehagar utan kommunalt tilskot.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga i Stavanger for kommunal barnehageplass 43 prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar utan kommunalt tilskot i same område. I Bergen er årsbetalinga i kommunale barnehagar 19 prosent lågare enn i private barnehagar. Årsbetalinga i Oslo, Trondheim og Bodø for kommunal barnehage er tilnærma lik den gjennomsnittlege årsbetalinga i privat barnehage utan kommunalt tilskot i same område.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 100 000 kroner er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Oslo, Stavanger og Bergen mykje lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar utan kommunalt tilskot i same område. Det er berre mindre skilnader mellom årsbetalinga i kommunale og private barnehagar i Bodø og Trondheim.

***Figur 5.*** *Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2000.*



**Tabell 1. Oversiktsdata for undersøkinga**

| | Talet på kommunar i fylket | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fylke | med i under-søkinga | med inntekts-graderte månads-satsar | med flate månads-satsar | med sysken-modera-sjon | som bruker kost-pengar | med 11 betalings-månader |
| Østfold | 6 | 2 | 4 | 6 | 3 | 6 |
| Akershus | 6 | 6 | 0 | 6 | 5 | 6 |
| Oslo | 1 | 1 | 0 | 1 | 0 | 1 |
| Hedmark | 6 | 1 | 5 | 6 | 4 | 6 |
| Oppland | 6 | 0 | 6 | 6 | 4 | 6 |
| Buskerud | 6 | 4 | 2 | 6 | 0 | 5 |
| Vestfold | 6 | 4 | 2 | 6 | 3 | 6 |
| Telemark | 6 | 4 | 2 | 6 | 4 | 6 |
| Aust-Agder | 6 | 4 | 2 | 6 | 4 | 6 |
| Vest-Agder | 6 | 6 | 0 | 6 | 1 | 4 |
| Rogaland | 6 | 5 | 1 | 6 | 2 | 3 |
| Hordaland | 6 | 2 | 4 | 6 | 0 | 6 |
| Sogn og Fjordane | 6 | 1 | 5 | 6 | 3 | 5 |
| Møre og Romsdal | 6 | 0 | 6 | 6 | 2 | 6 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 1 | 5 | 6 | 5 | 6 |
| Nord-Trøndelag | 6 | 0 | 6 | 6 | 3 | 6 |
| Nordland | 6 | 1 | 5 | 6 | 4 | 6 |
| Troms | 6 | 0 | 6 | 6 | 1 | 6 |
| Finnmark | 6 | 3 | 3 | 6 | 6 | 6 |
| I alt | 109 | 45 | 64 | 109 | 54 | 102 |
| I alt i prosent | | 41,3 | 58,7 | 100,0 | 49,5 | 93,6 |

**Tabell 2a. Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.**

| | Månadssats, utan kost | | | Årsbetaling, inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bruttoinntekt kr. | | | Eit barn, bruttoinntekt kr. | | | To barn, bruttoinntekt kr. | | |
| Fylke | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| **Østfold** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2201 | 2767 | 2771 | 25254 | 31478 | 31524 | 42154 | 52461 | 52534 |
| aug.00 | 2333 | 2950 | 2968 | 26446 | 33235 | 33431 | 44036 | 55283 | 55597 |
| Pst. endring | 6,0 | 6,6 | 7,1 | 4,7 | 5,6 | 6,0 | 4,5 | 5,4 | 5,8 |
| **Akershus** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 434 | 2153 | 2960 | 6149 | 25053 | 33935 | 10188 | 39379 | 52703 |
| aug.00 | 776 | 2263 | 3101 | 9986 | 26347 | 35558 | 16004 | 41442 | 55258 |
| Pst. endring | 78,6 | 5,1 | 4,7 | 62,4 | 5,2 | 4,8 | 57,1 | 5,2 | 4,8 |
| **Oslo** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 683 | 3244 | 3405 | 7513 | 35684 | 37455 | 11270 | 53526 | 56183 |
| aug.00 | 700 | 3340 | 3510 | 7700 | 36740 | 38610 | 11550 | 55110 | 57915 |
| Pst. endring | 2,5 | 3,0 | 3,1 | 2,5 | 3,0 | 3,1 | 2,5 | 3,0 | 3,1 |
| **Hedmark** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2469 | 2792 | 2792 | 27931 | 31486 | 31486 | 47501 | 53544 | 53544 |
| aug.00 | 2547 | 2875 | 2875 | 29068 | 32677 | 32677 | 49505 | 55642 | 55642 |
| Pst. endring | 3,2 | 3,0 | 3,0 | 4,1 | 3,8 | 3,8 | 4,2 | 3,9 | 3,9 |
| **Oppland** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2623 | 2623 | 2623 | 30212 | 30212 | 30212 | 51545 | 51545 | 51545 |
| aug.00 | 2748 | 2748 | 2748 | 31618 | 31618 | 31618 | 53970 | 53970 | 53970 |
| Pst. endring | 4,8 | 4,8 | 4,8 | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,7 |
| **Buskerud** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1540 | 2553 | 3102 | 17356 | 28744 | 35112 | 27210 | 45261 | 54814 |
| aug.00 | 1568 | 2623 | 3116 | 17666 | 29278 | 34848 | 27715 | 46136 | 54490 |
| Pst. endring | 1,8 | 2,7 | 0,5 | 1,8 | 1,9 | -0,8 | 1,9 | 1,9 | -0,6 |
| **Vestfold** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1844 | 2460 | 2710 | 21016 | 27793 | 30547 | 32985 | 43152 | 47283 |
| aug.00 | 1851 | 2463 | 2877 | 21098 | 27828 | 32377 | 33219 | 43314 | 50137 |
| Pst. endring | 0,4 | 0,1 | 6,1 | 0,4 | 0,1 | 6,0 | 0,7 | 0,4 | 6,0 |

**Tabell 2a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.**

| | Månadssats, utan kost | | | Årsbetaling, inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bruttoinntekt kr. | | | Eit barn, bruttoinntekt kr. | | | To barn, bruttoinntekt kr. | | |
| Fylke | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| **Telemark** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1224 | 2571 | 2936 | 14635 | 29453 | 33468 | 23221 | 45447 | 51470 |
| aug.00 | 1264 | 2645 | 3033 | 14842 | 30026 | 34298 | 23426 | 46203 | 52610 |
| Pst. endring | 3,3 | 2,9 | 3,3 | 1,4 | 1,9 | 2,5 | 0,9 | 1,7 | 2,2 |
| **Aust-Agder** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1601 | 2286 | 2827 | 19169 | 26704 | 32650 | 30818 | 42367 | 51321 |
| aug.00 | 1705 | 2515 | 3147 | 19991 | 28901 | 35858 | 32318 | 46233 | 56853 |
| Pst. endring | 6,5 | 10,0 | 11,3 | 4,3 | 8,2 | 9,8 | 4,9 | 9,1 | 10,8 |
| **Vest-Agder** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1241 | 2503 | 2970 | 14278 | 27929 | 32998 | 22835 | 44021 | 52003 |
| aug.00 | 1256 | 2459 | 3034 | 13453 | 26375 | 32433 | 21030 | 41112 | 50574 |
| Pst. endring | 1,2 | -1,8 | 2,1 | -5,8 | -5,6 | -1,7 | -7,9 | -6,6 | -2,7 |
| **Rogaland** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 919 | 2134 | 2610 | 10350 | 23269 | 28226 | 16848 | 37616 | 46111 |
| aug.00 | 969 | 2203 | 2738 | 10663 | 23625 | 29115 | 17355 | 38241 | 47560 |
| Pst. endring | 5,4 | 3,2 | 4,9 | 3,0 | 1,5 | 3,2 | 3,0 | 1,7 | 3,1 |
| **Hordaland** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2364 | 2897 | 3059 | 26004 | 31867 | 33644 | 40786 | 49580 | 52245 |
| aug.00 | 2430 | 2994 | 3164 | 26730 | 32936 | 34800 | 41939 | 51248 | 54044 |
| Pst. endring | 2,8 | 3,4 | 3,4 | 2,8 | 3,4 | 3,4 | 2,8 | 3,4 | 3,4 |
| **Sogn og Fjordane** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1844 | 2406 | 2529 | 21038 | 27599 | 28956 | 33900 | 44432 | 46467 |
| aug.00 | 1912 | 2490 | 2617 | 21813 | 28570 | 29972 | 35171 | 46017 | 48121 |
| Pst. endring | 3,7 | 3,5 | 3,5 | 3,7 | 3,5 | 3,5 | 3,7 | 3,6 | 3,6 |
| **Møre og Romsdal** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2774 | 2774 | 2774 | 30811 | 30811 | 30811 | 51403 | 51403 | 51403 |
| aug.00 | 2934 | 2934 | 2934 | 32919 | 32919 | 32919 | 54975 | 54975 | 54975 |
| Pst. endring | 5,7 | 5,7 | 5,7 | 6,8 | 6,8 | 6,8 | 6,9 | 6,9 | 6,9 |

**Tabell 2a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.**

| | Månadssats, utan kost | | | Årsbetaling, inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bruttoinntekt kr. | | | Eit barn, bruttoinntekt kr. | | | To barn, bruttoinntekt kr. | | |
| Fylke | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| **Sør-Trøndelag** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2523 | 2781 | 2781 | 29269 | 32111 | 32111 | 47048 | 51310 | 51310 |
| aug.00 | 2630 | 2813 | 2880 | 30543 | 32560 | 33293 | 49127 | 52152 | 53252 |
| Pst. endring | 4,3 | 1,2 | 3,6 | 4,4 | 1,4 | 3,7 | 4,4 | 1,6 | 3,8 |
| **Nord-Trøndelag** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2818 | 2818 | 2818 | 31735 | 31735 | 31735 | 53875 | 53875 | 53875 |
| aug.00 | 2912 | 2912 | 2912 | 32776 | 32776 | 32776 | 55664 | 55664 | 55664 |
| Pst. endring | 3,4 | 3,4 | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,3 |
| **Nordland** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2154 | 2618 | 2750 | 25031 | 30129 | 31587 | 40115 | 47763 | 49949 |
| aug.00 | 2210 | 2682 | 2814 | 25300 | 30490 | 31948 | 40875 | 48660 | 50847 |
| Pst. endring | 2,6 | 2,5 | 2,3 | 1,1 | 1,2 | 1,1 | 1,9 | 1,9 | 1,8 |
| **Troms** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 2638 | 2638 | 2638 | 29368 | 29368 | 29368 | 47188 | 47188 | 47188 |
| aug.00 | 2750 | 2750 | 2750 | 30620 | 30620 | 30620 | 49238 | 49238 | 49238 |
| Pst. endring | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 |
| **Finnmark** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1952 | 2324 | 2479 | 23078 | 27170 | 28873 | 37249 | 43387 | 45942 |
| aug.00 | 2094 | 2432 | 2570 | 24676 | 28397 | 29914 | 39718 | 45301 | 47575 |
| Pst. endring | 7,3 | 4,7 | 3,7 | 6,9 | 4,5 | 3,6 | 6,6 | 4,4 | 3,6 |
| **Heile landet** | | | | | | | | | |
| aug.99 | 1942 | 2567 | 2791 | 22235 | 29111 | 31568 | 36261 | 46935 | 50701 |
| aug.00 | 2037 | 2659 | 2910 | 23201 | 30017 | 32746 | 37828 | 48441 | 52627 |
| Pst. endring | 4,9 | 3,6 | 4,3 | 4,3 | 3,1 | 3,7 | 4,3 | 3,2 | 3,8 |

**Tabell 2b. Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt.**

| | Månadssats, utan kost | | | Årsbetaling, inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bruttoinntekt kr. | | | Eit barn, bruttoinntekt kr. | | | To barn, bruttoinntekt kr. | | |
| | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| **Heile landet** | | | | | | | | | |
| jan.00 | 1999 | 2622 | 2848 | 22818 | 29661 | 32140 | 37183 | 47831 | 51637 |
| aug.00 | 2037 | 2659 | 2910 | 23201 | 30017 | 32746 | 37828 | 48441 | 52627 |
| Pst. endring | 1,9 | 1,4 | 2,2 | 1,7 | 1,2 | 1,9 | 1,7 | 1,3 | 1,9 |

**Tabell 3**

## Østfold

| | | Månadssats utan kostpengar for bruttoinntekt | | | Talet på innbet. | Kost-pengar | Moderasjon i prosent | Årsbetaling inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | Eit barn, bruttoinntekt | | | To barn, bruttoinntekt | | |
| Kommunenamn | | 100000 | 250000 | 375000 | pr. år | pr. månad | 1. sysken | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| Eidsberg | 1 | 2905 | 2905 | 2905 | 11 | 0 | 25 | 31955 | 31955 | 31955 | 55921 | 55921 | 55921 |
| Råde | 1 | 900 | 3000 | 3000 | 11 | 150 | 30 | 11550 | 34650 | 34650 | 20130 | 59400 | 59400 |
| Fredrikstad | | 1480 | 3083 | 3190 | 11 | 0 | 40 | 16280 | 33913 | 35090 | 26048 | 54261 | 56144 |
| Moss | 1 | 3145 | 3145 | 3145 | 11 | 110 | 50 | 35805 | 35805 | 35805 | 54313 | 54313 | 54313 |
| Rakkestad | 1 | 2500 | 2500 | 2500 | 11 | 0 | 30 | 27500 | 27500 | 27500 | 46750 | 46750 | 46750 |
| Rygge | | 3065 | 3065 | 3065 | 11 | 170 | 30 | 35585 | 35585 | 35585 | 61056 | 61056 | 61056 |
| Uvege gjennomsnitt | | 2333 | 2950 | 2968 | | | | 26446 | 33235 | 33431 | 44036 | 55283 | 55597 |

1 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

**Tabell 3 (framhald)**

## Akershus

| Kommunenamn | | Månadssats utan kostpengar for bruttoinntekt | | | Talet på innbet. | Kost-pengar | Moderasjon i prosent | Årsbetaling inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | Eit barn, bruttoinntekt | | | To barn, bruttoinntekt | | |
| | | 100000 | 250000 | 375000 | pr. år | pr. månad | 1. sysken | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| Bærum | | 815 | 3260 | 3260 | 11 | 0 | 30 | 8965 | 35860 | 35860 | 15241 | 60962 | 60962 |
| Asker | 1 | 1000 | 2148 | 3222 | 11 | 185 | 50 | 13035 | 25663 | 37477 | 20570 | 39512 | 57233 |
| Aurskog-Høland | | 727 | 1818 | 2727 | 11 | 210 | 50 | 10307 | 22308 | 32307 | 16616 | 34617 | 49616 |
| Fet | | 863 | 1987 | 3460 | 11 | 183 | 50 | 11506 | 23870 | 40073 | 18266 | 36812 | 61116 |
| Lørenskog | 1 | 1250 | 2300 | 3000 | 11 | 150 | 50 | 15400 | 26950 | 34650 | 23925 | 41250 | 52800 |
| Nittedal | | 0 | 2066 | 2934 | 11 | 64 | 50 | 704 | 23430 | 32978 | 1408 | 35497 | 49819 |
| Uvege gjennomsnitt | | 776 | 2263 | 3101 | | | | 9986 | 26347 | 35558 | 16004 | 41442 | 55258 |

1 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

**Tabell 3 (framhald)**

## Oslo

| | Månadssats utan kostpengar for bruttoinntekt | | | Talet på innbet. | Kost-pengar | Moderasjon i prosent | Årsbetaling inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Eit barn, bruttoinntekt | | | To barn, bruttoinntekt | | |
| Kommunenamn | 100000 | 250000 | 375000 | pr. år | pr. månad | 1. sysken | 100000 | 250000 | 375000 | 100000 | 250000 | 375000 |
| | | | | | | | | | | | | |
| Oslo | 700 | 3340 | 3510 | 11 | 0 | 50 | 7700 | 36740 | 38610 | 11550 | 55110 | 57915 |

**Tabell 3 (framhald)**

## Hedmark

| | Månadssats utan kostpengar for bruttoinntekt | | | Talet på innbet. | Kost-pengar | Moderasjon i prosent | Årsbetaling inkludert kostpengar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Eit barn, bruttoinntekt | | | To barn, bruttoinntekt | | |
